



Innkalling til møte i FAU

Onsdag 24.september 2014 kl 19.00, personalrommet.
Denne gongen kjem innkallinga frå rektor.

Saker:

01-14/15 Godkjenning av innkalling.

02-14/15 Konstituering av FAU 14/15:

- Val av leiar, nestleiar, skrivar og kasserar.
- Val av repr. i KFU (kommunalt foreldreutval)
- Val av medlemmer i SU og SMU

03-14/15 Årshjul for arbeidet i FAU

Vi tek utgangspunkt i tidlegare årshjul – tilpassar til 14/15

04-14/15 Tilbakemelding etter felles foreldremøte

Skulen ynskjer tilbakemelding frå FAU om organiseringa / innhaldet i felles foreldremøte / klasseforeldremøte.

05-14/15 Leksehjelp

Det er nye reglar for tilbodet om leksehjelp. Framlegg frå Stortinget er at leksehjelpa skal halde fram, men at tilbodet kan gjevast til andre enn 1.-4.klasse. Det er kommunen som vel kva løysing ein vil tilrå, men kvar skule kan løyse dette på den måten ein finn mest tenleg. FAU har høve til å uttale seg om dette. Saka skal opp i SU seinare.

06-14/15 Diverse informasjon frå rektor

Lindås 2019. Informasjon så langt om omstillingsprogrammet + +

07-14/15 Ymse

Ta med klassekontaktpermen. Dersom du ikkje har (eller fått frå tidlegare klassekontakt) får du ein på møtet.

Vel møtt!

Innkallinga går til medlemmer og varamedlemmer. Varamedlemmer har møterett men ikkje møteplikt. Dersom fast medlem ikkje kan møte, ta kontakt med varamedlem.

Turid Sporsheim Tvedt
rektor

